







FØRDE KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE					
Møtestad:	Jølstra	Møtedato:	14.09.2011	Frå kl. :	10:00
				Til kl. :	10:15
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :		Møtte:	Forfall:	Merknader :	
1. Terje Gjertsen, Kjørslemøbbakkane 4a, 6800 F.(Leiar)		X			
2. Terje Engvik, Lindborg 6, 6800 Førde (Nestleiar)			X		
3. Sissel Viddal Laache, Solrusta 5, 6800 Førde		X			
4. Siw Landro, Skjærabøen 8a, 6800 Førde		X			
5. Per Arne Kloven, Storetungrova 17, 6800 Førde		X			
Personlege varamedlemmer :		Møtte:			
1. Monica Alisøy Kjelsnes, Stykkje 1b, 6800 Førde					
2. Norunn Ulvedal, Kvieneset, 6800 Førde		X			
3. Anders Bergset, Grovene 11, 6800 Førde					
4. Frode Steen, Gamle Vieveg 32, 6800 Førde					
5. Dag Chr Torvanger, Gamlestøylsv. 30, 6800 Førde.					
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Ordførar Nils Gjerland og rådmann Ole John Østenstad får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møter.					
Andre som møtte:					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit Assisterande rådmann Lise Mari Haugen. Revisor meldte forfall til møtet.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :					
SAKLISTA I MØTET :					
	Godkjenning av innkalling og sakliste.				
027/11	Skriv og Meldingar.				
028/11	Reglement kontrollutvalet Førde kommune.				
029/11	Prosjektrekneskap - Tilbygg administrasjonsdel med meir Førde ungdomsskule - Rapporteringsperiode 2009 - 2011.				
030/11	Prosjektrekneskap - Førdehuset - Rehabilitering kino/storsalen - Rapporteringsperiode 2009 - 2011.				
031/11	Prosjektrekneskap - Reservevassforsyning.				
032/11	Eventuelt.				
Merknader :					
Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.					
UNDERSKRIFTER :		Førde 14.09.2011.			
					
Terje Gjertsen (leiar)		Siw Landro		Per Arne Kloven	
					
Sissel Viddal Laache			Norunn Ulvedal		
					
Asgeir Tveit, sekretær					

027/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 09.09.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2011	027/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 27-11: Medlemsbrev 4/2011 frå FKT.
SM 28-11: Innkalling til representantskapsmøte i Alarmsentralen Sogn og Fjordane
04.10.2011.
SM 29-11: Reglement for dei politiske utvala i Førde kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

028/11 REGLEMENT KONTROLLUTVALET FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 09.09.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.09.2011	028/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Utkast til reglement for kontrollutvalet i Førde kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Rapport 85-tilrådingar om eigenkontroll i kommunane utgjeve av KR.D.
- Høyringsnotat om endringar i kommunelova, KR.D.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Bystyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Førde kommune.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

- Bystyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Førde kommune.

Saksutgreiing

028/11 REGLEMENT KONTROLLUTVALET FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Innføring av reglement for kontrollutvalet i Førde kommune.

Saksopplysningar:

Det skal innførast reglement for dei politiske utvala i Førde kommune. I samband med dette har rådmannen teke kontakt med sekretariatet for kontrollutvalet med tanke på å få laga og vedteke eit reglement også for kontrollutvalet. I og med at kontrollutvalet skal vere uavhengig av dei andre utvala, og at kontrollutvalet har eige sekretariat, er det sekretariatet for kontrollutvalet som bør utarbeide utkast til reglement som så vert lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev tilråding om reglementet til bystyret.

Reglementet for kontrollutvalet er basert på kommunelova, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det teke utgangspunkt i rutineane som har vore gjeldane vedrørande system for val av varamedlemer, møteinnkalling, gjennomføring av møte og handtering av møteprotokollar.

Kommunal- og Regionaldepartementet gav i desember 2009 ut rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Etter dette er det utarbeidd utkast til endring i kommunelova. Høyring vedrørande dette er under gjennomføring.

I utkastet til reglement er det teke høgde for at dei tilrådingane som er gjevne om kontrollutvalet i rapport om 85 tilrådingar til eigenkontroll i kommunen og endringane som går fram av høyringsutkastet til endring av kommunelova vert gjennomførde. Dei mest sentrale punkta, som er tekne med i reglementet, i høve til dette er følgjande:

- Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet saman med formannskap og ordførar.
- Leiarar og styremedlemer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala.
- Kontrollutvalsmøta bør som hovudregel vere opne.

Oppgåva til kontrollutvalet er å gje tilråding om reglementet til bystyret. Bystyret gjer vedtak i saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

**029/11 PROSJEKTRKESKAP – TILBYGG ADMINISTRASJONSDEL M.M.
FØRDE UNGDOMSSKULE – RAPPORTERINGSPERIODE 2009-2011**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.09.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2011	029/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Prosjektomtale, datert 06.09.11.
- Rekneskap, datert 02.09.11.
- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon 08.09.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Rutine – prosjektrekneskap.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – TILBYGG ADMINISTRASJONSDDEL M.M. FØRDE
UNGDOMSSKULE – RAPPORTERINGSPERIODE 2009-2011**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det føreligg endeleg prosjektrekneskap for investeringsprosjektet Tilbygg administrasjonsdel m.m. Førde ungdomsskule – rapporteringsperiode 2009-2011.

Saksopplysningar:

Det er lagt fram prosjektrekneskap og omtale av prosjektet frå administrasjonen. Revisor har gjeve uttale til rekneskapen.

Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til rekneskapen. Formannskapet skal gje innstilling til Førde bystyre. Når formannskapet gjev si innstilling, skal det føreliggje uttale både frå revisor og kontrollutval. Kontrollutvalet sin uttale skal også følgje saka til bystyret.

Det vert vist til revisjonsuttale, rekneskapen og sluttrapporten.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 13.613.344,-. Budsjettråme for prosjektet var kr. 14.066.767,-. Prosjektrekneskapen viser såleis eit mindreforbruk på kr. 453.423,-. Det vert vist til omtalen frå administrasjonen for informasjon om finansiering og forklaring på mindreforbruket.

I sin uttalen har administrasjonen tilrådd at unytta lånemidlar i prosjektet vert vidareført til prosjekt 341/1113, som gjeld rehabilitering av Førde ungdomsskule.

Revisor har ikkje merknader til rekneskapen.

Det er Førde bystyre som gjer vedtak om disponering av mindreforbruket.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til omtale av prosjektet frå administrasjonen, rekneskapen og revisjonsuttale.

Sekretariatet vurderer det slik at ut i frå opplysningane som kjem fram av dokumenta i saka, bør kontrollutvalet uttale at under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket kan rekneskapen godkjennast slik han ligg føre.

030/11 PROSJEKTRKESKAP – FØRDEHUSET – REHABILITERING AV KINO/STORSALEN – RAPPORTERINGSPERIODE 2010-2011

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.09.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2011	030/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Prosjektomtale, datert 13.09.11.
- Rekneskap, datert 08.09.11.
- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon 12.09.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Rutine – prosjektrekneskap.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – FØRDEHUSET – REHABILITERING AV
KINO/STORSALEN – RAPPORTERINGSPERIODE 2010-2011**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det føreligg endeleg prosjektrekneskap for investeringsprosjektet Førdehuset – rehabilitering av kino/storsalen – rapporteringsperiode 2010-2011

Saksopplysningar:

Det er lagt fram prosjektrekneskap og omtale av prosjektet frå administrasjonen. Revisor har gjeve uttale til rekneskapen.

Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til rekneskapen. Formannskapet skal gje innstilling til Førde bystyre. Når formannskapet gjev si innstilling, skal det føreliggje uttale både frå revisor og kontrollutval. Kontrollutvalet sin uttale skal også følgje saka til bystyret.

Det vert vist til revisjonsuttale, rekneskapen og sluttrapporten.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 31.060.492,-. Endeleg budsjettråme for prosjektet var kr. 35.200.000,-. Prosjektrekneskapen viser såleis eit mindreforbruk på kr. 4.139.058,-. Det vert vist til omtalen frå administrasjonen for informasjon om finansiering og forklaring på mindreforbruket.

I sin uttalen har administrasjonen tilrådd at mindreforbruket vert nytta til dekking av overforbruk i andre framlagde prosjektrekneskap/nedbetaling av gjeld.

Revisor har ikkje merknader til rekneskapen.

Det er Førde bystyre som gjer vedtak om disponering av mindreforbruket.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til omtale av prosjektet frå administrasjonen, rekneskapen og revisjonsuttale.

Sekretariatet vurderer det slik at ut i frå opplysningane som kjem fram av dokumenta i saka, bør kontrollutvalet uttale at under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket kan rekneskapen godkjennast slik han ligg føre.

031/11 PROSJEKTRKESKAP – RESERVEVASSFORSYNING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.09.2011

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2011	031/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Administrasjonen si saksutgreiing til Formannskapet og Bystyret, datert 12.09.11.
- Rekneskap, datert 09.09.11.
- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon 13.09.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Rutine – prosjektrekneskap.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – RESERVEVASSFORSYNING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det føreligg endeleg prosjektrekneskap for investeringsprosjektet Reservevassforsyning.

Saksopplysningar:

Det er lagt fram prosjektrekneskap og saksutgreiing om prosjektet frå administrasjonen. Revisor har gjeve uttale til rekneskapen.

Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til rekneskapen. Formannskapet skal gje innstilling til Førde bystyre. Når formannskapet gjev si innstilling, skal det føreliggje uttale både frå revisor og kontrollutval. Kontrollutvalet sin uttale skal også følgje saka til bystyret.

Det vert vist til revisjonsuttale, rekneskapen og sluttrapporten.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 11.748.170,-. Budsjettråme for prosjektet var kr. 11.930.000,-. Prosjektrekneskapen viser såleis eit mindreforbruk på kr. 181.830,-. Prosjektet er finansiert med lån i tillegg til ei inntektsføring på kr. 25.000,-.

Revisor har ikkje merknader til rekneskapen.

Det er Førde bystyre som gjer vedtak om disponering av mindreforbruket.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til omtale av prosjektet frå administrasjonen, rekneskapen og revisjonsuttale.

Sekretariatet vurderer det slik at ut i frå opplysningane som kjem fram av dokumenta i saka, bør kontrollutvalet uttale at under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket kan rekneskapen godkjennast slik han ligg føre.

032/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 13.09.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2011	32/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.